



BJØRKHAUG ARBEIDSFELLESSKAP  
Storaneset 12  
5260 INDRE ARNA

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Toril M Mullen, 5764 3127

## Rapport frå inspeksjon ved Bjørkhaug arbeidsfellesskap

### Kontrollnummer: 2023.095.I.SFVL

Kontaktpersonar ved inspeksjonen

Frå verksemda:

Bjarte Johannessen

Frå Statsforvaltaren i Vestland:

Tonje Olsen Totland og Toril M Mullen

### Resultat frå inspeksjonen

Denne rapporten gjeld resultatet frå inspeksjon ved Bjørkhaug arbeidsfellesskap den 24. mai 2023. Rapporten er å sjå på som endeleg dersom vi ikkje får tilbakemelding om faktiske feil innan to veker etter at rapporten er motteken. Frist for å rette avvika er 30. september 2023.

Statsforvaltaren i Vestland avdekkja 2 avvik og ga ingen merknader under inspeksjonen.

Avvik:

Verksemda si handtering av farleg avfall er mangelfull  
Verksemda sin internkontroll har manglar

Avvika er nærare omtalte frå side **Error! Bookmark not defined.** og utover i rapporten. Oppfølginga etter inspeksjonen er nærare omtalt på side **Error! Bookmark not defined..**

Med helsing

Tonje Olsen Totland  
rådgjevar

Toril Marie Mullen  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi til:

BERGEN KOMMUNE

Postboks 7700

5020

BERGEN



## 1. Informasjon om den kontrollerte verksemda

### Ansvarleg eining

<b>Namn:</b> Bjørkhaug arbeidsfellesskap	
<b>Organisasjonsnr.:</b> 973725408	<b>Eigd av:</b> 959510334
<b>Bransjenr. (NACE-kode):</b> 88.994 – Varig tilrettelagt arbeid	

### Kontrollerte einingar

<b>Namn:</b> Bjørkhaug arbeidsfellesskap	<b>Anleggsnr.:</b> 4601.0533.01
<b>Kommune:</b> Bergen	<b>Fylke:</b> Vestland
<b>Anleggsaktivitet:</b> Gjenvinning av metall- og EE-avfall	
<b>Løyve gitt:</b> 22.12.2010	<b>Sist endra:</b> 20.06.2018

## 2. Bakgrunn for inspeksjonen

Inspeksjonen 24. mai 2023 vart gjennomført for å kontrollere om gjeldande krav som er fastsette i eller med heimel i forureiningslova, vert overhaldne. Inspeksjonen er ein del av Statsforvaltaren sitt risikobaserte industritilsyn for i år.

Tilsynet vart gjennomført med heimel i forureiningslova § 48.

### Inspeksjonstema

- Vilkår i løyvet til drift av avfallsanlegg datert 20.06.2018
- Internkontroll med vekt på miljørisikovurdering, avvikshandtering og rutinar
- Utsleppskontroll, til luft, vatn og støy
- Handtering av avfall, spesielt farleg avfall
- Kjemikaliehandtering

Rapporten gjeld avvik og merknader som vart avdekka under inspeksjonen, og gir ingen fullstendig tilstandsvurdering av miljøarbeidet eller miljøstatusen til verksemda.

### Definisjonar

**Avvik:** Manglande etterleving av krav fastsette i eller med heimel i lov.

**Merknad:** Eit tilhøve som tilsynsetatane meiner det er naudsynt å peike på for å ivareta ytre miljø, men som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

**Andre tilhøve:** Saker som kom fram under inspeksjonen og som det kan vere nyttig for verksemda og sakshandsamarar å kjenne til. Informasjon om verksemda og kommentarar til tema som vart tekne opp under inspeksjonen, men som ikkje vart klassifisert som avvik eller merknader, kan også inngå her.

### **3. Oppfølging etter inspeksjonen**

Bjørkhaug arbeidsfellesskap pliktar å rette opp avvika som er omtalte i denne rapporten så snart som råd. For at Statsforvaltaren skal kunne avslutte saka, ber vi om at Bjørkhaug arbeidsfellesskap innan 30. september 2023 sender ei skriftleg utgreiing som viser korleis avvika er retta og kva tiltak som er gjennomførde eller planlagde.

Gjennomføringa av tiltaka kan bli følgd opp ved ny kontroll.

### **4. Vedtak om gebyr**

Vi viser til informasjon og varsel om gebyrplikt som vart gitt til verksemda den 16. mai 2023. Verksemdar skal betale gebyr for kontrollar utførte av Statsforvaltaren i samsvar med § 39-3 i forureiningsforskrifta. Gebyret skal dekke kostnader med førebuing, gjennomføring og oppfølging av kontrollen. Gebyrsatsar for kontroll av verksemdar etter forureiningslova er fastsette i forureiningsforskrifta §§ 39-7 og 39-8.

På bakgrunn av forventa ressursbruk må Bjørkhaug arbeidsfellesskap betale eit gebyr på 15 000 kroner for inspeksjonen, jf. forureiningsforskrifta § 39-7. Dette svarer til gebyrsats 4 for tilsyn av inntil ein dags varigheit. Miljødirektoratet vil sende dykk ein faktura for innbetaling til statskassa. Statsforvaltaren viser elles til forureiningsforskrifta kapittel 39 om innkrevjing av gebyr til statskassa.

#### **Klagerett**

Vedtaket om gebyr kan klagast på til Miljødirektoratet innan tre veker, jf. §§ 28 og 29 i forvaltningslova. Ein eventuell klage bør vere skriftleg grunngjeven og adressert til Miljødirektoratet, men han skal sendast via Statsforvaltaren i Vestland. Statsforvaltaren vil vurdere endring av vedtaket eller sende saka vidare til Miljødirektoratet for endeleg vedtak. Gebyret som er fastsett ovanfor, må likevel betalast inn. Dersom Miljødirektoratet tek klagen til følge, vil for mykje innbetalt beløp bli refundert.

### **5. Innsyn**

Denne rapporten vil vere offentleg tilgjengeleg via postjournalen til Statsforvaltaren i Vestland (jf. offentleglova) og nettstaden *Norske Utslipp*, [www.norskeutslipp.no](http://www.norskeutslipp.no).

### **6. Avvik**

Vi fann følgjande avvik under inspeksjonen:

#### **Avvik 1:**

**Verksemda si handtering av farleg avfall er mangelfull**

#### **Avvik frå:**

- avfallsforskrifta § 11-5 om forsvarleg oppbevaring mv av farleg avfall

**Kommentarar til regelverket:**

Farleg avfall skal lagrast forsvarleg og slik at det ikkje fører til fare for forureining eller skade på menneske eller dyr, jf. avfallsforskrifta § 11-5.

**Observasjonar under kontrollen:**

Under kontrollen observerte vi at det stod lagra toner i bur ute som ikkje hadde oppsamlingskar for eventuelt spill og søl dersom tonerane skulle byrje å lekke.

**Avvik 2:****Verksemda har manglar i internkontrollen****Avvik frå:**

- internkontrollforskrifta § 5 andre ledd punkt 6 og 7

**Kommentarar til regelverket:**

Verksemda skal kartlegge farer og problemer og på denne bakgrunn vurdere risiko, samt utarbeide tilhøyrande planar og tiltak for å redusere risikoforholda.

Verksemda skal iverksette rutinar for å avdekke, rette opp og forebygge brot på krav fastsett i eller i medhald av helse-, miljø- og sikkerheitslovgjevinga.

**Observasjonar under kontrollen:**

Verksemda har rutinar, men fleire av rutinane er ikkje skriftlege. Verksemda har manglar i si miljørisikovurdering.

Det kom fram under kontrollen at det er gjort vurderingar som er ein del av mottakskontrollen, slik at ein unngår å ta imot avfall som ein ikkje ønskjer å ta imot. Verksemda har praktiske og munnlege rutinar, men manglar skriftlege rutinar for mottakskontroll.

Under kontrollen kom det fram at til dømes batteri som ser skada ut, vert utsortert og handtert som farleg avfall. Verksemda har ikkje ei skriftleg rutine som omtalar kva som er farleg avfall, og korleis det skal handterast forsvarleg (lagring, emballering, årleg levering og deklarerering).

Verksemda har ikkje ei skriftleg rutine som omtalar kva som vert definert som eit avvik, og korleis ein forebygger og rettar opp eventuelle avvik.

**7. Merknader**

Vi gav ingen merknader under inspeksjonen.

**8. Andre forhold**

Jamfør avfallsforskrifta § 9-2 kan ein ikkje lagre avfall meir enn eitt år før avfallet går til sluttbehandling eller meir enn tre år før avfallet går til gjenvinning eller behandling.

Vi merka oss under kontrollen at det er store mengder brukt IKT-utstyr inne i lokala til Bjørkhaug arbeidsfellesskap. Vi har forståing for at det tek tid å vurdere om brukt IKT-utstyr kan gjenvinnast, eller om det er avfall som skal kasserast. Det er likevel viktig å minne verksemda på at det jamfør avfallsregelverket ikkje skal lagrast avfall i meir enn 3 år (før avfallet går til gjenvinning eller behandling), elles vil miljømyndigheitene definere det som deponering av avfall.

## **9. Dokumentunderlag**

Lovgrunnlaget for inspeksjonen var:

- Forureiningslova
- Forureiningsforskrifta
- Avfallsforskrifta
- Internkontrollforskrifta